

► Reguleringsføresegner. Gjenvinningsstasjon Gjøsumdmyrane. Plan-ID: 2019-004

FØRESEGNER

Reguleringsplankartet er datert: 16.09.2019

Siste revisjon av føresegnene: 17.09.2019

Vedtak om offentlig ettersyn: xx.10.2019

Vedtatt i kommunestyret i sak xx.xx.2019

1. Generelt

Reguleringsplanen omfattar reguleringsføresegner og reguleringskart i målestokk 1:500. Føresegnene gjeld innanfor plangrensa som vist på plankartet. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset, og det kan ikkje gjerast privatrettslege avtalar i strid med planen. Føresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova med forskrifter.

1.1 Formål med planen

Formålet med reguleringa er å leggje til rette for etablering av ein ny og moderne gjenvinningsstasjon på Gjøsumdmyrane på Vigra i Giske kommune.

1.1 Arealføresmål

Området er vist på planen med reguleringsgrense.

Innanfor reguleringsgrensa er arealet regulert til følgande føremål:

§ 12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

- Renovasjon, kode 1550

§ 12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Køyreveg, kode 2011
- Annan veggrunn, grøntareal, kode 2019

§ 12-5. Nr. 3 - Grøntstruktur

- Vegetasjonsskjerm, kode 3060

§ 12-6. Omsynssoner

- Frisikt, kode 140

2. Fellesføresegner

2.1 Estetikk

Areal som ikkje er utbygd skal haldast i ryddig og ordentleg stand. Lagring av gjenstandar som ikkje er knytt til verksemda er ikkje tillate. Eventuell lagring utandørs skal vere skjerma slik at det ikkje er skjemmande eller til vesentleg ulempe. Det skal heller ikkje vere til fare ved ferdsel og opphald.

For alle søknadspliktige tiltak skal det inngå ei vurdering av visuelle og estetiske kvalitetar både av tiltaket i seg sjølv og i høve til omgjevnadene. Det må dokumenterast at tiltaket tek tilstrekkeleg omsyn til miljøet både når det gjeld storleik, proporsjonar, material- og fargebruk.

Nødvendige eller planlagde omformingar av terrenget skal gå klart fram av situasjonsplanen.

2.2 Universell utforming

Gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer samt kommunen sine til ei kvar tid gjeldande retningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging og utforming av bygg og uteområde.

Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn ved alle plansaker, ved planlegging og utbygging av publikumsretta bygg, alle kommunale bygg og offentlege eller felles private anlegg og uterom. Ved søknader om løyve til tiltak skal det for alle relevante prosjekt dokumenterast korleis desse omsyna er ivaretatt.

2.3 Krav til søknad om tiltak

I samband med søknad om tiltak skal det leggjast fram plan- og fasadeteikningar og plan for uteareal med køyreareal, gangareal, parkering, grøntanlegg, eksisterande og nye tre/vegetasjon, lyssetting, m.m.

Materialbruk og fargeval skal vere i samsvar med kommunen sin til ei kvar tid gjeldande retningslinjer.

Trase fram til tilknytingspunkt til kommunal vassforsyning og avløp skal gå fram av søknad om tiltak. Der skal ein også vise og dokumentere løysing for handtering av overflatevatn. For overvatn skal det vurderast å nytte løysingar med infiltrasjon og opne vassveggar dersom det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg.

Plan for sikring av omgjevnaden mot støy og andre ulempe i bygge- og anleggsfasen skal følgje søknad om igangsetting. Planen skal gjere greie for trafikkavvikling, massetransport, driftstid, trafikktryggleik for gåande og syklende, reinhald, støvdemping og støyforhold. Nødvendige sikringstiltak skal vere etablert før bygge- og anleggsarbeid kan settast i gong.

2.4 Støy

For anleggsfasen skal støy frå bygge- og anleggsverksemd handterast i samsvar med kapittel 4 i Miljøverndepartementets retningslinje T-1442/2012.

2.5 Automatisk freda kulturminne

Dersom ein i samband med opparbeiding av tiltaket finn kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet straks stansast dersom det råkar kulturminna eller sikringssona på 5 meter, jfr Lov om kulturminner § 8. Melding skal snarast sendes til kulturminnemyndigheitene i Møre og Romsdal for vurdering.

2.6 Utbyggingsavtale

Kommunen, grunneigarar og utbyggjarar kan forhandle og inngå utbyggingsavtale når partane har gjensidig nytte av avtalen, jf. pbl §17-2. Utbyggingsavtalen skal sikre felles naudsynt infrastruktur ved utbygging innanfor rammene til pbl §17-3. Utbyggingsavtalen kan omfatte forhold og tiltak som vert krevd for gjennomføring av planvedtak.

2.7 Dispensasjon

Kommunen kan jfr. pbl §19-2, gi varig eller mellombels dispensasjon frå planen, men berre dersom omsynet til føremåla i plan og føresegner ikkje vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved dispensasjon vere klart større enn ulempene, og det skal leggjast særleg vekt på helse, miljø, tryggleik, tilgjenge og på statlege og regionale rammer og mål.

Kommunen sitt høve til å gi dispensasjon er avgrensa. Dispensasjon krev grunngjeven søknad og det må liggje føre ei klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon. Planen representerer ein gjennomtenkt heilskap, og det skal difor ikkje vere kurant å få dispensasjon.

Før eventuell dispensasjon vert gitt, skal kommunen innhente fråsegn frå regionale og statlege styresmakter som har interesse i området.

3. Arealføremål

3.1 Bygningar og anlegg § 12-5. Nr. 1.

Renovasjonsanlegg

I området kan det etablerast og drivast gjenvinningsstasjon for avfall. Det er tillate å oppføre bygningar og anlegg som naturleg høyrer til drifta av gjenvinningsstasjonen.

All aktivitet skal skje i samsvar med dei krav som blir fastsett av forureiningsmyndigheitene.

Maksimal utnyttingsgrad er fastsett som %- BYA = 30%.

Parkering for tilsette skal skje innanfor dette området.

Det kan settast opp gjerde mellom renovasjonsanlegg og tilliggjande føremål.

Byggegrenser er vist i plankart.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur § 12-5. nr. 2.

Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Handbøkene N100 «Veg- og gateutforming» og N101 «Rekkverk og vegens sideområde» skal leggjast til grunn for utforming av kommunale vegar.

Ved utarbeiding av nye VA-anlegg eller opprusting av eksisterande VA-anlegg skal dette planleggast i samråd med kommunen sin VA-representant. Kommunalteknisk VA-norm for Sunnmøre skal leggast til grunn.

Veg

Området o_SKV1 og o_SKV2 er tilkomst til gjenvinningsstasjonen.

Annan veggrunn – grøntområde.

Formålet omfattar området langs lokalvegen Sørestranda. Det ligg teknisk infrastruktur i vegskuldra. Vegskuldra kan bli slått i forbindelse med vedlikehald av vegens sideareal.

3.3 Grøntstruktur § 12-5. nr. 3.

Vegetasjonsskjerm

Området er avsett til vegetasjonsskjerm og skal nyttast til etablering av ein jordvoll for å skjerme gjenvinningsstasjonen mot innsyn. Prinsippa for naturleg revegetering skal nyttast for å etablere vegetasjon på vollen.

4. Omsynssoner § 12-6.

4.1 Frisikt

Innanfor sikktrekanten skal eventuelle sikthindringar ikkje være høgare enn 0,5 m over køyrebanenivå for primærvegen.

Trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona.

5. Rekkefølgekrav § 12-7. nr. 10.

Forbikøringslomme i krysset mellom Sørestranda og rv.658 skal etablerast i samsvar med gjeldande plan for krysset før anleggsarbeidet for gjenvinningsstasjonen startar opp.

Skjermande jordvoll skal etablerast før gjenvinningsstasjonen vert tatt i bruk.

| 1 | 2019-09-17 | Oversending for 1.gongs handsaming hjå Giske kommune | Pernille Ibsen Lervåg | Robin Sætre | Siv K. Sundgot |
|---------|------------|--|-----------------------|----------------|----------------|
| Versjon | Dato | Omtale | Utarbeidd | Fagkontrollert | Godkjent |

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.